



Dale vidaregåande skule
57637000

Telefon:

Jarstadvegen 28, 6963 Dale i Sunnfjord

Praktisk informasjon om HOSPITERINGA 2020 ved Dale vgs

Covid-19 gjer at det må takast ekstra førehandsreglar for gjennomføring av hospitering dette året.

Dale vgs ynskjer at kontaktlærer/rådgjevar går gjennom desse tiltaka med elevane før dei møter på hospitering i neste veke (veke 44). Det er i alle si interesse at dei tiltaka som er sett opp, vert gjennomførte for å unngå meir smitte her i HAFS.

1. Hugs alltid å vaske hendene eller sprite deg før du går inn i eit nytt rom.
2. Hospitantane skal ha med eigne skrivesaker, kalkulator og andre skulesaker.
3. Hospitantane må ordne med lunsj sjølve, men dei kan handle i kantina.
4. Lunsjen skal etast på tilvist rom.
5. Klede og skulesaker skal ligge i skulesekkane når dei ikkje er i bruk.
6. Når du skal inn på spesialrom (naturfagsal, språklab, datarom) skal du bruke hanskar som du får på skulen. Hugs å sprite deg før du tek dei på deg, og etter har du har kasta dei i bosset ved timeslutt.
7. Bordplater og stolar skal tørkast av etter kvar time. Utover det vil kvar faglærer gje beskjed om kva som skal reingjerast.
8. Under hospitering vil kvar skule få tildelt «sin» plass i auditoriet. Viktig at dette vert følgt.

Utover desse tiltaka er det FHI sine smittevernreglar som gjeld:

Halde avstand til elevar i andre grupper, hoste og nyse i olbogen.